

*Geir Martin Pilskog, Leiv Solheim
og Kristin Ødegård*

**Bruk av informasjons- og
kommunikasjonsteknologi i
næringslivet 2000**

Rapporter

I denne serien publiseres statistiske analyser, metode- og modellbeskrivelser fra de enkelte forsknings- og statistikkområder. Også resultater av ulike enkeltundersøkelser publiseres her, oftest med utfyllende kommentarer og analyser.

Reports

This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the different research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, desember 2001
Ved bruk av materiale fra denne publikasjonen,
vennligst oppgi Statistisk sentralbyrå som kilde.

ISBN 82-537-5013-7
ISSN 0806-2056

Emnegruppe

10.03

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Statistisk sentralbyrå/370

Standardtegn i tabeller	Symbols in tables	Symbol
Tall kan ikke forekomme	Category not applicable	:
Oppgave mangler	Data not available	..
Oppgave mangler foreløpig	Data not yet available	...
Tall kan ikke offentliggjøres	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte enheten	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte enheten	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Foreløpig tall	Provisional or preliminary figure	*
Brudd i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brudd i den vannrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Rettet siden forrige utgave	Revised since the previous issue	r

Sammendrag

Geir Martin Pilskog, Leiv Solheim og Kristin Ødegård

Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i næringslivet 2000

Rapporter 2001/42 • Statistisk sentralbyrå 2001

Denne rapporten skildrar bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i næringslivet i 2000. Resultata byggjer på ei utvalsbasert undersøking som Statistisk sentralbyrå gjennomførte kring årsskiftet 2000/2001. Undersøkinga femna om vel 4 800 private føretak.

Definisjonar av tekniske uttrykk og omgrep presenterast i eit eige oversyn, men vert også gjorde greie for i dei enkelte kapitla.

Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi var utbreidd i næringslivet ved utgangen av 2000. Så godt som alle føretak hadde teke i bruk informasjonsteknologi. Tilgangen til Internett var også stor. Resultata syner at 3 av 4 føretak hadde tilgang til Internett. Vel 2 av 10 føretak hadde Intranett, medan under 1 av 10 brukte Ekstranett. EDI var ein mindre utnytta teknologi enn Internett. I 2000 brukte 2 av 10 føretak EDI. Berre kvart tiande føretak med minst ti sysselsette hadde ei omsetning på minst 1 prosent av den totale omsetninga frå bestillingar motteke via heimeside.

Publikasjonen finst også på heimesidene til SSB, <http://www.ssb.no>.

Prosjektstøtte: Nærings- og handelsdepartementet.

Abstract

Geir Martin Pilskog, Leiv Solheim and Kristin Ødegård

Use of Information and Communication Technology in Enterprises 2000

Reports 2001/42 • Statistics Norway 2001

This report describes the use of information and communication technology in enterprises. The results are based on a postal survey that Statistics Norway carried out at the end of 1999/beginning of 2000. The gross sample consisted of over 4 800 private enterprises.

Definitions of technical expressions and concepts are presented in a separate compilation and will also be explained when used in the different chapters.

Use of information and communication technology in enterprises was widespread by the end of 2000. Almost all enterprises made use of information technology. Access to the Internet was also common. The results show that 3 out of 4 enterprises with at least ten employees had access to the Internet. More than 2 out of 10 enterprises used Intranet, while less than 1 out of 10 used Extranet. Fewer enterprises took advantage of EDI than the Internet. In 2000, 2 out of 10 enterprises with at least ten employees used EDI. Only 1 out of 10 enterprises with at least ten employees got at least 1 per cent of their total turnover from orders received via homepages.

This publication is also available via the homepage of Statistics Norway, <http://www.ssb.no>.

Acknowledgement: Ministry of Trade and Industry.

Innhold

1. Innleiing.....	9
1.1. Nokre viktige omgrep	9
2. Hovudresultat	11
3. Bruk av IT.....	12
3.1. Føretak med IT	12
3.2. Tilsette med IT	12
3.3. Lokalnett.....	13
3.4. Barrierar for bruk av IT	14
4. Tilgang til Internett	16
4.1. Føretak med Internett	16
4.2. Tilsette med Internett.....	18
4.3. Ekstern e-post	19
4.4. Intranett.....	19
4.5. Ekstranett	21
5. Bruk av Internett.....	24
5.1. Ålmenn bruk	24
5.2. Bruk som kunde	24
5.3. Heimesider	25
5.4. Marknadsføring viktigaste bruks området	27
5.5. Barrierar for bruk av Internett.....	27
6. Elektronisk handel via Internett.....	29
6.1. Sal via Internett enno lite vanleg	29
6.2. Internett-sal for om lag 7 milliardar.....	30
6.3. Kundegrupper	30
6.4. Liten del av omsetninga	31
6.5. Betaling via Internett.....	31
6.6. Motiv for Internett-sal	31
6.7. Barrierar for Internett-sal.....	32
6.8. Kjøp via Internett	33
6.9. Kjøp og sal via spesialiserte marknadspllassar på Internett.....	33
7. EDI.....	34
7.1. Føretak med EDI	34
7.2. Mest brukt i høve til bankar	35
7.3. Sal via EDI uvanleg.....	36
7.4. Kjøp via EDI også uvanleg	36
8. Om undersøkelsen	37
8.1. Utvalg og frafall.....	37
8.2. Praktisk gjennomføring	38
8.3. Svarprosenter	38
8.4. Beregninger	39
8.5. Vekter for å lage næringstall og tall etter antall ansatte	39
8.6. Usikkerheten til næringstallene og tallene etter antall ansatte	40
8.7. Beregning av fylkestallene og usikkerheten til disse.....	42
Vedlegg	
A. Vedleggstabeller	44
B. Brev	49
C. Skjema.....	51
Tidligere utgitt på emneområdet.....	55
De sist utgitte publikasjonene i serien Rapporter	56

Figurregister

2. Hovedresultat

2.1. Delen av alle føretak med sal via Internett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent	11
2.2. Delen av alle føretak med IKT ved utgangen av 2000. 10+ sysselsette. Prosent	11

3. Bruk av IT

3.1. Delen av alle føretak som brukte IT. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent	12
3.2. Delen av alle føretak som brukte IT. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	12
3.3. Delen av alle sysselsette som brukte IT. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent.....	13
3.4. Delen av alle sysselsette som brukte IT. Fordelt etter næringsområde. Føretak med 1+ sysselsatt. 2000. Prosent	13
3.5. Delen av alle føretak med lokalnett. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent	14
3.6. Delen av alle føretak med lokalnett. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	14
3.7. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak med IT som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	15
3.8. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak utan IT som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	15

4. Tilgang til Internett

4.1. Delen av alle føretak med tilgang til Internett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent	16
4.2. Delen av alle føretak med tilgang til Internett. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent.....	16
4.3. Delen av alle føretak med tilgang til Internett. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent....	17
4.4. Delen av alle føretak med tilgang til Internett. Fordelt etter fylke. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	17
4.5. Delen av alle sysselsette i føretak med tilgang til Internett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent	18
4.6. Delen av alle sysselsette som brukte PC med oppkoppling til Internett. Fordelt etter sysselsetjing. Føretak med 1+ sysselsett. 2000. Prosent.....	18
4.7. Delen av alle sysselsette som brukte PC med oppkoppling til Internett. Fordelt etter næringsområde. Føretak med 1+ sysselsett. 2000. Prosent.....	19
4.8. Delen av alle føretak med Intranett. Føretak med 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent.....	19
4.9. Delen av alle føretak med Intranett. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent	20
4.10. Delen av alle føretak med Intranett. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	20
4.11. Delen av alle føretak med Intranett. Fordelt etter fylke. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	21
4.12. Delen av alle føretak med Ekstranett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent.....	21
4.13. Delen av alle føretak med Ekstranett ved utgangen av 2000. Fordelt etter sysselsetjing. Prosent	21
4.14. Delen av alle føretak med Ekstranett. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	22
4.15. Delen av alle føretak med Ekstranett. Fordelt etter fylke. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	22

5. Bruk av Internett

5.1. Ålmenn bruk av føretaka av Internett. Føretak med Internett. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	24
5.2. Bruk av Internett av føretaka som kundar. Føretak med Internett. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	25
5.3. Delen av alle føretak med heimeside. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent	25
5.4. Delen av alle føretak med heimeside ved utgangen av 2000, etter sysselsetjing. Prosent.....	25
5.5. Delen av alle føretak med heimeside. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	26
5.6. Delen av alle føretak med heimeside. Fordelt etter fylke. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	26
5.7. Bruk av heimesider. Føretak med heimeside. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	27
5.8. Barrierar mot bruk av Internett. Delen føretak med Internett som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	27
5.9. Barrierar mot bruk av Internett. Delen føretak utan Internett som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	28

6. Elektronisk handel via Internett

6.1. Delen av alle føretak med sal via Internett. 1998-2001. Prosent	29
6.2. Delen av alle føretak med sal via Internett ved utgangen av 2000, etter sysselsetjing. Prosent	29
6.3. Delen av alle føretak med sal via Internett ved utgangen av 2000, etter næringsområde. Prosent	30
6.4. Internett-omsetninga fordelt på kundegrupper. 2000. Prosent.....	30
6.5. Internett-omsetninga fordelt på heimemarknad/eksport. 2000. Prosent.....	31
6.6. Delen omsetning frå sal via Internett. Føretak med Internett-sal i 2000. Prosent	31
6.7. Delen føretak som mottok betaling via Internett. Føretak med omsetning frå bestillingar via heimeside. 1998-2001. Prosent.....	31
6.8. Faktorar med stor innverknad på aktiviteten til føretaka med omsyn til Internett-sal. Føretak med omsetning frå bestillingar motteke via heimeside. 2000. Prosent	32
6.9. Barrierar med stor innverknad på bruken til føretaka av Internett-sal. Føretak utan omsetning frå bestillingar motteke via heimeside. 2000. Prosent	32

6.10. Barrierar med stor innverknad på bruken til føretaka av Internett-sal. Føretak med omsetning frå bestillingar motteke via heimeside. 2000. Prosent.....	33
---	----

7. EDI

7.1. Delen av alle føretak med EDI. 10+ sysselsette. 1998- 2001. Prosent	34
7.2. Delen av alle føretak med EDI. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent	34
7.3. Delen av alle føretak med EDI. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	35
7.4. Delen av alle føretak med EDI. Fordelt etter fylke. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	35
7.5. Kommunikasjon med EDI. Føretak med EDI. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	36
7.6. Delen omsetning frå sal via EDI. Føretak med EDI-sal. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	36

8. Om undersøkelsen

8.1 Oversikt over svarinngangen	38
---------------------------------------	----

Tabellregister

3. Bruk av IT

3.1. Delen tilsette i næringslivet som brukte PC eller annan arbeidsstasjon. I føretak med IT. 2000. Prosent.....	13
3.2. Delen tilsette i næringslivet som brukte ein PC til- slutta lokalnettet. I føretak med lokalnett. 2000. Prosent	14
3.3. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak med IT som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	15
3.4. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak utan IT som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent.....	15

4. Tilgang til Internett

4.1. Delen av alle føretak med tilgang til Internett, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent	17
4.2. Delen av alle føretak med tilgang til Internett, fordelt etter næringsområde. 1998-2001. Prosent.....	17
4.3. Delen av alle føretak med Internett, fordelt etter fylke. 1998-2001. Prosent.....	17
4.4. Delen tilsette som brukte PC med oppkoppling til Internett. 2000. Prosent	18
4.5. Delen av alle føretak med Intranett, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent	20
4.6. Delen av alle føretak med Intranett, fordelt etter næringsområde. 1998-2001. Prosent	20
4.7. Delen av alle føretak med Intranett, fordelt etter fylke. 1998-2001. Prosent.....	21
4.8. Delen av alle føretak med Ekstranett, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent	22
4.9. Delen av alle føretak med Ekstranett, fordelt etter næringsområde. 1998-2001. Prosent	22
4.10. Delen av alle føretak med Ekstranett, fordelt etter fylke. 1998-2001. Prosent	23

5. Bruk av Internett

5.1. Ålmenn bruk av føretaka av Internett. Føretak med Internett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent	24
5.2. Bruk av Internett av føretaket som kunde. Føretak med Internett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent.....	24
5.3. Delen av alle føretak med heimeside, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent	25
5.4. Delen av alle føretak med heimeside, fordelt etter næringsområde. 1998-2001. Prosent	26
5.5. Delen av alle føretak med heimeside, fordelt etter fylke. 1998-2001. Prosent.....	26
5.6. Bruk av heimesider. Føretak med heimeside. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent.....	27
5.7. Barrierar mot bruk av Internett. Delen føretak med tilgang til Internett som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 2000. 10+ sysselsette. Prosent	28
5.8. Barrierar mot bruk av Internett. Delen føretak utan tilgang til Internett som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent	28

6. Elektronisk handel via Internett

6.1. Delen av alle føretak med Internett-sal, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent	30
6.2. Delen av alle føretak med Internett-sal, fordelt etter næringsområde. 1998-2001. Prosent	30
6.3. Delen omsetning frå sal via Internett. Føretak med Internett-sal. 1998-2001. Prosent	31
6.4. Faktorar med stor innverknad på aktiviteten til føretaka med omsyn til Internett-sal. Føretak med omsetning frå bestillingar motteke via heimeside. 2000. Prosent.....	32
6.5. Innverknaden til barrierar for noverande og framtidig Internett-sal. Føretak utan omsetning frå bestillingar motteke via heimeside. 2000. Prosent.....	33

6.6. Innverknaden til barrierar for noverande og framtidig Internett-sal. Føretak med omsetning frå bestillingar motteke via heimeside. 2000. Prosent	33
6.7. Innkjøp via Internett i prosent av samla innkjøp. Føretak med innkjøp via Internett. 2000. Prosent ¹	33

7. EDI

7.1. Delen av alle føretak med EDI, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent	34
7.2. Delen av alle føretak med EDI, fordelt etter næringsområde. 1998-2001. Prosent	35
7.3. Delen av alle føretak med EDI, fordelt etter fylke. 1998-2001. Prosent.....	35

8. Om undersøkelsen

8.1. Anvendte utvalgsprosenter innenfor næringene, fordelt etter størrelsesgrupper	37
8.2 Utvalg, avgang, frafall etter sysselsetting	37
8.3. Svarprosenter og antall besvarelser, fordelt etter størrelsesgrupper	38
8.4. Svarprosenter og antall besvarelser, fordelt etter næring.....	38
8.5. Forventet standardavvik for andelen med internett- salg og den totale omsetningen(i tusen kroner) over Internett for de enkelte størrelsesgruppene	41
8.6 Forventet standardavvik for andelen med internett- salg og den totale omsetningen (i tusen kroner) over Internett for de enkelte næringene.....	41
8.7. Andelen av foretak med Internetsalg i fylkene - 10+ sysselsatte.....	43
8.8. Omsetningen ved Internetsalg i fylkene - 10+ sysselsatte	43

Vedleggstabeller

A1. Delen av alle føretak med tilgang til Internett og 95-prosent konfidensintervallet til denne delen. 2000	44
A2. Delen av alle føretak med sal via Internett og 95-prosent konfidensintervallet til denne delen. 2000	44
A3. Delen av alle føretak med heimeside og 95-prosent konfidensintervallet til denne delen. 2000	44
A4. Delen av alle føretak med Intranett og 95-prosent konfidensintervallet til denne delen. 2000	46
A5. Delen av alle føretak med Ekstranett og 95-prosent konfidensintervallet til denne delen. 2000	47
A6. Delen av alle føretak som brukte EDI og 95-prosent konfidensintervallet til denne delen. 2000.....	48
A7. Omsetninga frå sal via heimesider og 95-prosent konfidensintervallet til denne omsetninga. I 1000 kr. 2000 ...	48
A8. Omsetninga frå EDI-sal og 95-prosent konfidensintervallet til denne omsetninga. I 1000 kr. 2000	48

1. Innleiing

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) vart i siste halvdel av 1900-talet teke i bruk av stendig fleire føretak. Det er venta at denne utviklinga vil halda fram i dei komande åra.

I mange land prøver styresmaktene å leggja tilhøva til rette for meir aktiv bruk av IKT i næringslivet. Høge voner er knytt til effektane av denne teknologien. Mange meiner IKT vil auka produktiviteten og slik gje gjera verdiskapinga større. Internett og elektronisk handel vert vurderte som viktige for utviklinga i norsk økonomi. Det er difor nytig å få avdekt i kva grad norsk næringsliv har teke i bruk slik teknologi.

Kring årsskiftet 1999/2000 gjennomførte Statistisk sentralbyrå for fyrste gong ei undersøking av bruken av IKT i næringslivet. I 2000 vart denne undersøkinga ført vidare. Undersøkinga inkluderte som tidlegare nesten 5 000 private føretak. Norske styresmakter ynskjer å stimulere næringslivet ved å leggja til rette for elektronisk handel og forretningsdrift. Difor var undersøkinga finansiert av Nærings- og handelsdepartementet. Undersøkingane er bygde på eit nordisk samarbeid og gjev resultat som kan samanliknast med dei andre nordiske landa. I løpet av 2001 vil SSB også utgje ein eigen publikasjon med nordiske samanliknbare resultat om bruk av IKT i næringslivet.

Dersom ikkje anna vert eksplisitt påpeika, skildrar alle figurar og tabellar i denne rapporten tilhøva hjå føretak med minst ti sysselsette. Planane til næringslivet for 2001 vert også trekt fram ved fleire høve. Planane syner vurderingane i føretaka ved årsskiftet 2000/2001.

Geir Martin Pilskog har skrive kapitla 3, 4, 5, 6 og 7, medan Leiv Solheim og Kristin Ødegård har skrive kapittel 8. Sidan det er utvikla ein ny metode for å rekna ut tal på fylkesnivå, innehold rapporten reviderte resultat for fylka for åra 1998 og 1999. Metoden gjer det mogleg å publisera langt sikrare regionale resultat enn tidlegare. Det vert presentert konfidensintervall for dei viktigaste variablane. Ødegård har rekna ut desse konfidensintervalla. Det vil koma eit eige notat om

utryggleiken til dei publiserte tala i undersøkinga. Notatet inneholder ei detaljert skildring av framgangsmåten for utrekninga av konfidensintervalla.

1.1. Nokre viktige omgrep

Informasjonsteknologi (IT): datamaskiner, terminalar eller arbeidsstasjonar og det utstyret og dei programma som vert brukt av slike maskiner. I denne samanhengen vert omgrepa informasjonsteknologi og informasjons- og kommunikasjonsteknologi brukt om kvarandre til å karakterisera den same typen teknologi.

Lokalnett: fleire datamaskiner deler skrivrarar, lagringskapasitet og liknande. Denne teknologien gjer det til dømes mogleg å utveksla filer mellom datamaskiner, dela programvare med meir.

Intranett: Internett brukt internt i eit føretak. Bruk av denne teknologien gjennom interne heimesider spreier informasjon til og mellom dei tilsette i eit føretak.

Ekstranett: heimesider gjorde tilgjengelege for ei avgrensa gruppe utanfor føretaket. Kundar eller leverandørar får gjennom ein kode/passord tilgang til tenestene/produkta til føretaket.

EDI (Electronic Data Interchange): i denne undersøkinga er EDI avgrensa til elektronisk levering av data i strukturert form mellom eige datasystem og eit framand datasystem basert på EDIFACT-standarden. Denne snevre definisjonen gjer at andre standardar for EDI ikkje kom med i fokus til undersøkinga. Ved strukturert form er det meint at den enkelte melding sendast og mottakast utan menneskeleg kontroll/inntasting. Eksempel på EDI er bestillingar, fakturaer, prislister og vareskildringar. Bestillingar motteke via EDI utgjer ein del av omsetninga for fleire føretak.

Internett-sal: i denne samanhengen dekkjer dette omgrepet bestillingar motteke via heimeside. I rapporten vert føretak med minst ein prosent av samla omsetning frå bestillingar motteke via heimeside vurdert som føretak med sal via Internett.


Spesialisert marknadslass: med marknadslass er det meint at fleire føretak er representert på same sida. Med spesialisert er det meint at marknadslassen anten femner om ein bestemt type varer/tenester eller rettar seg mot avgrensa kundegrupper.

2. Hovudresultat


Sal via Internett var lite vanleg i Noreg ved utgangen av 2000. I 2000 hadde berre kvart tiande føretak med minst ti sysselsette ei omsetning på minst ein prosent av total omsetning frå bestillingar motteke via heimeside. Figur 2.1 syner at 8 prosent av føretaka med minst ti sysselsette oppnådde omsetning frå bestillingar motteke via heimeside. Det er ei dobling frå 1998. Føretaka forventa at delen aukar til 13 prosent i 2001.

Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi var utbreidd i næringslivet ved utgangen av 2000. Så godt som alle føretak hadde teke i bruk informasjons-teknologi. Figur 2.2 syner at 9 av 10 føretak med minst ti sysselsette nytta IT. Tilgangen til Internett var også stor. 3 av 4 føretak hadde tilgang til Internett. Heimesider var etablert av halvparten av føretaka. Vel 2 av 10 føretak hadde Intranett, medan under 1 av 10 brukte Ekstranett. EDI var ein mindre utnytta teknologi enn Internett. 2 av 10 føretak brukte EDI.

Figur 2.1. Delen av alle føretak med sal via Internett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent



Figur 2.2. Delen av alle føretak med IKT ved utgangen av 2000. 10+ sysselsette. Prosent




3. Bruk av IT

Føretaka vart spurde om dei brukte IT i form av PC eller andre datamaskiner/arbeidsstasjonar. Så godt som alle norske føretak nytta IT ved utgangen av 2000. Det var likevel store skilnader på delen tilsette i føretaka som deltok i denne bruken. I nesten 30 prosent av alle norske føretak med minst ti sysselsette nytta alle dei tilsette PC eller datamaskiner/arbeidsstasjonar.


3.1. Føretak med IT

93 prosent av alle norske føretak med minst ti sysselsette nytta IT ved utgangen av 2000. Figur 3.1 syner at bruken av IT varierte i høve til storleiken til føretaka. Ved utgangen av 2000 brukte 99 prosent av føretaka med 100 sysselsette eller meir IT. For føretak med 10-19 sysselsette var delen mindre, 90 prosent. Føretak med under ti sysselsette brukte IT langt mindre enn andre føretak. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette oppgav berre 58 prosent at dei nytta IT ved utgangen av 2000.

Figur 3.1. Delen av alle føretak som brukte IT. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent



Figur 3.2. Delen av alle føretak som brukte IT. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent



Figur 3.2 syner at delen med IT var svært høg i bank- og finansnæringa, engroshandelen, bygg og anlegg og industrien. Innanfor desse næringa brukte nesten alle føretaka IT. Hotell- og restaurantnæringa nytta IT minst. Berre 79 prosent av føretaka innan denne næringa oppgav at dei brukte IT. Låg var også delen innanfor næringa transport/tele med 85 prosent.

3.2. Tilsette med IT

Sjølv om 93 prosent av føretaka med minst ti sysselsette brukte IT ved utgangen av 2000, nytta ikkje like mange av dei tilsette i næringslivet PC/arbeidsstasjonar. Føretak som brukte IT vart spurde om delen tilsette som brukte ein PC eller annan arbeidsstasjon. Tabell 3.1 syner at i mange føretak nytta berre ein del av dei tilsette IT. Berre 29 prosent av føretaka med IT og minst ti sysselsette opplyste at alle tilsette brukte datamaskiner. Nesten 50 prosent av føretaka oppgav at under halvparten av dei tilsette nytta PC/annan arbeidsstasjon. Bruken av IT varierte mykje mellom føretaka. Bank- og finansnæringa hadde den høgaste

delen tilsette som nytta datamaskiner. I denne næringa brukte alle tilsette ein datamaskin i 85 prosent av føretaka. Så fylgde samlegruppa "tenesteyting elles" der alle dei tilsette i 69 prosent av føretaka nytta datamaskiner. Den lågaste delen fanst innan bygg- og anlegg der alle tilsette i 5 prosent av føretaka brukte datamaskiner.


Over halvparten av dei tilsette i føretak med minst 1 sysselsett brukte IT. Ved utgangen av 2000 nytta 55 prosent av dei sysselsette i næringslivet PC/annan arbeidsstasjon. Figur 3.3 syner at delen sysselsette med IT varierte i høve til storleiken til føretaka. Ved utgangen av 2000 brukte 63 prosent av dei sysselsette i føretak med minst 100 sysselsette IT. I føretak med 10-19 sysselsette var delen sysselsette med IT mindre, 50 prosent. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette nytta 49 prosent av dei sysselsette IT.

Figur 3.4 syner at mellom føretak med minst 1 sysselsett var bruk av PC/annan arbeidsstasjon mest vanleg innan bank- og finansnæringa. Nesten alle sysselsette i bank- og finansnæringa brukte IT. Delen sysselsette med IT var også høg innan engroshandelen og "tenesteyting elles." Ved utgangen av 2000 nytta høvesvis 74 og 73 prosent av dei sysselsette i engroshandelen og samlegruppa "tenesteyting elles" IT. I hotell- og restaurantnæringa fanst den lågaste delen sysselsette med IT. Berre 26 prosent av dei sysselsette innan denne næringa brukte IT. Låg var også delen sysselsette med IT innanfor næringa bygg og anlegg med 31 prosent.


Tabell 3.1. Delen tilsette i næringslivet som brukte PC eller annan arbeidsstasjon. I føretak med IT. 2000. Prosent

	1-24	25-49	50-74	75-99	100
Alle føretak med 10+ sysselsette	31	15	12	12	29
Mengd sysselsette					
10-19	31	13	12	10	33
20-49	34	16	13	12	25
50-99	29	17	13	17	24
100+	22	19	9	15	6
Næringsområde					
Industri	34	28	15	11	13
Bygg og anlegg	65	20	8	3	5
Handel med motorkøyretøy og drivstoff	16	15	28	20	22
Engroshandel	7	9	16	26	43
Detaljhandel	34	10	11	15	30
Hotell, restaurant og catering	60	15	13	3	7
Transport/tele	36	12	8	12	31
Bank/finans	0	0	0	15	85
Tenesteyting elles	11	4	6	10	69

Figur 3.3. Delen av alle sysselsette som brukte IT. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent




Figur 3.4. Delen av alle sysselsette som brukte IT. Fordelt etter næringsområde. Føretak med 1+ sysselsatt. 2000. Prosent




3.3. Lokalnett

Lokalnett gjer det mellom anna mogleg å utveksla filer mellom datamaskinene i eit føretak. 69 prosent av føretaka med IT og minst ti sysselsette hadde installert lokalnett ved utgangen av 2000. Det er ikkje overraskande at utbreiinga av lokalnettet veks med storleiken til føretaka. Figur 3.5 syner at 96 prosent av føretaka med 100 sysselsette eller meir brukte lokalnett. For føretak med 10-19 sysselsette var delen mindre, 58 prosent. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette oppgav berre 34 prosent at dei nytta lokalnett.

Figur 3.5. Delen av alle føretak med lokalnett. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent



Figur 3.6. Delen av alle føretak med lokalnett. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent



Figur 3.6 syner at delen med lokalnett var høgast innanfor bank- og finansnæringa. I denne næringa nyttet 100 prosent av føretaka lokalnett ved utgangen av 2000. Så fylgde engroshandelen og samlegruppa "tenesteyting elles" med høvesvis 85 og 82 prosent. Hotell- og restaurantnæringa nyttet lokalnett minst. Berre 40 prosent av føretaka innan denne næringa oppgav at dei brukte denne teknologien. Låg var også delen innanfor detaljhandelen med 47 prosent.

Tabell 3.2. Delen tilsette i næringslivet som brukte ein PC tilslutta lokalnettet. I føretak med lokalnett. 2000. Prosent

	1-24	25-49	50-74	75-99	100
Alle føretak med 10+ sysselsette	22	14	14	13	36
Mengd sysselsette					
10-19	17	13	15	11	42
20-49	28	15	12	13	33
50-99	28	14	13	15	30
100+	21	17	13	21	28
Næringsområde					
Industri	30	27	15	12	16
Bygg og anlegg	63	18	7	2	11
Handel med motorkøyretøy og drivstoff	13	15	35	18	20
Engroshandel	4	8	20	22	46
Detaljhandel	20	10	10	21	40
Hotell, restaurant og catering	36	20	20	5	16
Transport/tele	26	7	7	15	45
Bank/finans	0	0	0	13	87
Tenesteyting elles	8	4	8	10	70


Sjølv om 69 prosent av føretaka med IT og minst ti sysselsette brukte lokalnett ved utgangen av 2000, arbeidde ikkje like mange av dei tilsette med datamaskiner tilslutta eit lokalnett. Føretak med lokalnett vart spurde om delen tilsette som brukte ein PC som var tilslutta lokalnettet. Tabell 3.2 syner at i mange føretak var berre ein del av datamaskinene tilknytt lokalnettet. 36 prosent av føretaka med lokalnett og minst ti sysselsette opplyste at alle datamaskinene var tilslutta lokalnettet. Knapt 40 prosent av føretaka oppgav at dei hadde kopla under halvparten av datamaskinene til eit lokalnett. Bruken av lokalnett varierte mykje mellom føretaka. Innan bank- og finansnæringa fanst den høgaste delen datamaskiner tilslutta eit lokalnett. Så fylgde samlegruppa "tenesteyting elles." Den lågaste delen var innan bygg- og anlegg.

3.4. Barrierar for bruk av IT


Føretak med og utan IT vart bedne om å oppgje kva innverknad utvalde barrierar hadde for føretakets noverande og framtidige bruk av IT. Føretaka kunne gje barrierane ulik innverknad: "ingen", "noko" eller "stor."

Figur 3.7 syner at mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket var den viktigaste barrieren blant dei føretaka som brukte IT. 17 prosent meinte denne barrieren hadde stor innverknad. 15 prosent opplyste at høgare IT-utlegg enn forventa var ein viktig barriere. Ikkje meir enn høvesvis 6 og 3 prosent oppgav manglende engasjement frå leiinga og "intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT" som barrierar med stor innverknad. Opplysningane tyder på at mangel på arbeidstakrar med IT-kompetanse og kostnadsomsyn er viktige hindre for utbreiinga av slik teknologi i næringslivet.

Figur 3.7. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak med IT som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent



Figur 3.8. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak utan IT som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent



Tabell 3.3. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak med IT som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent

	Innverknad		
	Ingen	Noko	Stor
IT-utlegg høgare enn forventa	22	48	15
For rask introduksjon av nye versjonar av eksisterande software	23	47	14
Manglande fleksibilitet hos IT-leverandørane	27	42	12
Mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket	21	50	17
Vanskeleg å rekruttera IT-kvalifiserte medarbeidarar	26	32	13
Intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT	55	28	3
Manglande engasjement frå leiinga	48	31	6
Manglar oppdatert IT-strategi	29	42	11
Feil i motteke programvare	37	34	10

Tabell 3.3 syner at inndelinga av innverknaden til barrierane i "ingen", "noko" eller "stor" endra rekjkelygja mellom dei lite. Mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket vart framleis vurdert som den viktigaste barrieren.

Ein liten del av føretaka med minst ti sysselsette, 7 prosent, brukte ikkje IT ved utgangen av 2000. Eit fleirtal av føretaka utan IT har svara "veit ikkje/ikkje relevant" på spørsmål om innverknaden til barrierane. For nokre av desse føretaka kan svaret skjula manglande refleksjon over tilhøva. For andre føretak, i næringar der trøngsen for IT verkar liten, har barrierane ingen relevans. Føretak utan IT oppgav mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket som den klårt viktigaste barrieren. Figur 3.8 syner at 19 prosent av føretaka meinte denne årsaka hadde mykje å seia for den

Tabell 3.4. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak utan IT som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 10+ sysselsette. 2000. Prosent

	Innverknad		
	Ingen	Noko	Stor
IT-utlegg høgare enn forventa	21	8	5
For rask introduksjon av nye versjonar av eksisterande software	19	8	5
Manglande fleksibilitet hos IT-leverandørane	19	7	3
Mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket	18	6	19
Vanskeleg å rekruttera IT-kvalifiserte medarbeidarar	23	2	10
Intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT	26	11	4
Manglande engasjement frå leiinga	28	9	7
Manglar oppdatert IT-strategi	22	7	7
Feil i motteke programvare	23	6	1

manglande bruken av IT. 3 prosent tykte manglande fleksibilitet hjå IT-leverandørane var ein viktig barriere. Det er lite overraskande at berre 1 prosent peika på feil i motteke programvare som viktig.

Tabell 3.4 syner at vel ein firedel av føretaka meinte intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT ikkje tydde noko for den manglande bruken av denne teknologien. 28 prosent oppgav at manglande engasjement frå leiinga var ein barriere utan innverknad. På same vis som føretaka som brukte IT, vurderte føretak utan slik teknologi desse to faktorane som lite viktige. Høvesvis 19, 21 og 23 prosent meinte for rask introduksjon av nye versjonar av eksisterande software, høgare IT-utlegg enn forventa og feil i motteke programvare ikkje tydde noko for manglande bruk av IT.

4. Tilgang til Internett

Føretaka vart spurde om når ymse IT-system var innført eller planlagd innført. Føretak som ikkje brukte informasjonsteknologi er teke med i utrekninga av delar. Dei aktuelle systema var Internett, ekstern e-post, Intranett og Ekstranett.

4.1. Føretak med Internett

I 2000 var veksten i oppkopplinga til Internett meir moderat enn i 1999. Tre av fire føretak med minst ti sysselsette hadde tilgang til Internett ved utgangen av 2000. Internett var meir utbreidd mellom store føretak enn i dei små føretaka. Delen med denne teknologien var høgst innanfor bank- og finansnæringa og lågast i detaljhandelen.


Figur 4.1 syner at 74 prosent av norske føretak med minst ti sysselsette hadde tilgang til Internett ved utgangen av 2000. Delen auka i løpet av det siste året og gjekk opp frå 66 prosent ved utgangen av 1999. Det tyder at veksten i mengda føretak tilkopla Internett var

lågare i 2000 enn i 1999. Dersom planane til føretaka vert gjennomførte, vil også 2001 gje ein moderat vekst i tilgangen til Internett. 7 prosent av føretaka oppgav at dei hadde planar om å oppretta Internett-tilgang i løpet av dette året.


Figur 4.2 syner at tilgangen til Internett varierer mykje etter storleiken til føretaka. Ved utgangen av 2000 hadde 92 prosent av føretaka med 100 sysselsette eller meir tilgang til Internett. For føretak med 10-19 sysselsette var delen berre 67 prosent. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette oppgav ikkje meir enn 38 prosent å ha tilgang til Internett ved utgangen av 2000.



Tabell 4.1 syner at føretak med under 20 sysselsette venta høgst vekst i oppkopplinga til Internett i løpet av 2001. Sidan ein høgare del av dei større føretaka allereie er kopla til Internett, minkar den forventa voksteren med aukande storleik.

Figur 4.1. Delen av alle føretak med tilgang til Internett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent



Figur 4.2. Delen av alle føretak med tilgang til Internett. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent



Figur 4.3. Delen av alle føretak med tilgang til Internett. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent**Figur 4.4. Delen av alle føretak med tilgang til Internett. Fordelt etter fylke. 10+ sysselsette. 2000. Prosent****Tabell 4.1. Delen av alle føretak med tilgang til Internett, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent**

	1998	1999	2000	2001 ¹
Alle føretak med 10+ sysselsette	40	66	74	81
Mengd sysselsette				
1-9	19	33	38	46
10-19	34	58	67	75
20-49	43	72	79	86
50-99	52	83	86	91
100+	60	87	92	95

¹ Planar om Internett i 2001.

Figur 4.3 syner at delen med Internett er høgst innanfor bank- og finansnæringa. I denne næringa hadde så godt som alle føretaka denne teknologien ved utgangen av 2000. Så fylgde engroshandelen, "tenesteyting elles" og industrien med høvesvis 87, 85 og 83 prosent. I motsett ende oppgav berre 47 prosent av føretaka innanfor detaljhandelen å ha tilgang til Internett.

Tabell 4.2 syner at skilnadene mellom næringane for tilgang til Internett held på å vera noko utjamna. Detaljhandelen, næringa med minst Internett-tilgang, har dei mest ambisiøse planane for 2001. I fylgje planane til denne næringa vil 10 prosent oppretta tilgang til Internett i løpet av dette året og såleis ta litt inn på gjennomsnittet. Det er likevel ikkje stor skilnad mellom planane til detaljhandelen og planane til gjennomsnittet, 7 prosent.

Figur 4.4 syner store skilnader mellom dei to fylka Sogn og Fjordane og Finnmark. I Sogn og Fjordane hadde nesten alle føretaka Internett-tilgang ved utgangen av 2000. I Finnmark oppgav ikkje meir enn vel halvparten av føretaka tilgang til Internett.

Tabell 4.2. Delen av alle føretak med tilgang til Internett, fordelt etter næringssone. 1998-2001. Prosent

	1998	1999	2000	2001 ¹
Alle føretak med 10+ sysselsette	40	66	74	81
Næring				
Industri	48	75	83	90
Bygg og anlegg	35	70	80	88
Handel med motorkøyretøy og drivstoff	39	71	73	80
Engroshandel	46	78	87	93
Detaljhandel	19	39	47	57
Hotell, restaurant og catering	30	53	63	70
Transport/tele	34	60	67	74
Bank/finans	44	94	100	100
Tenesteyting elles	60	77	85	88

¹ Planar om Internett i 2001.

Tabell 4.3. Delen av alle føretak med Internett, fordelt etter fylke. 1998-2001. Prosent

	1998	1999	2000	2001 ¹
Alle føretak med 10+sysselsette	40	66	74	81
Østfold	36	63	85	94
Akershus	41	67	76	82
Oslo	47	74	81	87
Hedmark	31	55	65	71
Oppland	30	52	60	67
Buskerud	31	51	77	85
Vestfold	40	67	80	88
Telemark	49	81	69	77
Aust-Agder	45	78	81	90
Vest-Agder	33	56	74	81
Rogaland	43	71	72	79
Hordaland	39	65	69	75
Sogn og Fjordane	45	76	95	100
Møre og Romsdal	40	66	71	77
Sør-Trøndelag	40	65	62	68
Nord-Trøndelag	29	51	59	66
Nordland	40	68	85	93
Troms	48	82	78	86
Finnmark	36	61	54	60

¹ Planar om Internett i 2001.

Tabell 4.3 syner at planane til føretaka i Finnmark var mindre ekspansive enn i resten av landet (7 prosent). I fylgje planane for 2001 ville seks prosent av føretaka i fylket få Internett-tilgang i løpet av dette året.

4.2. Tilsette med Internett


Sjølv om 74 prosent av føretaka med minst ti sysselsette hadde tilgang til Internett ved utgangen av 2000, var ikkje denne teknologien tilgjengeleg for like mange av dei tilsette i næringslivet. Føretak som brukte eller venta å bruka Internett innan utgangen av 2001 vart spurd om delen tilsette som brukte ein PC med oppkoppling til Internett. Tabell 4.4 syner at berre 2 av 10 føretak med Internett og minst 10 sysselsette opplyste at alle tilsette brukte datamaskiner med oppkoppling til Internett ved

utgangen av 2000. I vel 40 prosent av føretaka arbeidde var meir utbreidd mellom store føretak enn i dei små føretaka. mindre enn ein av fire av dei tilsette med datamaskiner som var kopla til Internett. Tilkopplinga til Internett varierte mykje mellom føretaka. Bank- og finansnæringa hadde den høgaste delen tilsette som nytta datamaskiner med oppkoppling til Internett. I denne næringa brukte alle tilsette ein PC med oppkoppling til Internett i 67 prosent av føretaka. Så fylgde samlegruppa "tenesteyting elles" der alle dei tilsette i 59 prosent av føretaka nytta datamaskiner med Internett-tilgang. Den lågaste delen fanst innan bygg- og anlegg og detaljhandelen. I både desse næringane brukte alle tilsette i 5 prosent av føretaka datamaskiner med oppkoppling til Internett.


Tabell 4.4. Delen tilsette som brukte PC med oppkoppling til Internett. 2000. Prosent

	0	1-24	25-49	50-74	75-99	100
Alle føretak med 10+ sysselsette	3	40	13	13	9	21
Mengd sysselsette						
10-19	5	37	13	14	9	22
20-49	2	46	13	11	8	20
50-99	2	44	12	12	11	19
100+	1	36	16	12	14	21
Næringsområde						
Industri	2	48	18	13	8	11
Bygg og anlegg	5	67	12	8	3	5
Handel med motorkøyretøy og drivstoff	3	23	21	28	15	9
Engroshandel	1	20	11	18	22	28
Detaljhandel	9	49	18	13	6	5
Hotell, restaurant og catering	7	63	17	5	2	7
Transport/tele	4	38	11	12	8	28
Bank/finans	0	8	0	7	17	67
Tenesteyting elles	0	18	3	9	10	59


Figur 4.5. Delen av alle sysselsette i føretak med tilgang til Internett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent




Figur 4.6. Delen av alle sysselsette som brukte PC med oppkoppling til Internett. Fordelt etter sysselsetjing. Føretak med 1+ sysselsett. 2000. Prosent



Figur 4.7. Delen av alle sysselsette som brukte PC med oppkoppling til Internett. Fordelt etter næringsområde. Føretak med 1+ sysselsett. 2000. Prosent



Figur 4.8. Delen av alle føretak med Intranett. Føretak med 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent



Internett-tilgang mindre, 34 prosent. Delen Internett-brukarar minkar såleis parallelt med storleiken til føretaka. Eit unntak er storleksgruppa 1-9 sysselsette, som ligg høgare enn gruppa med 10-19 sysselsette. I utvalet av dei minst føretaka med under ti sysselsette nyttar 39 prosent av dei sysselsette PC med oppkoppling til Internett.

Figur 4.7 syner at mellom føretak med minst 1 sysselsett var Internett-tilgang mest vanleg i bank- og finansnæringa. 78 prosent av dei sysselsette i bank- og finansnæringa brukte ein PC med oppkoppling til Internett. Delen sysselsette med PC med Internett-tilgang var også høg innan "tenesteyting elles". Ved utgangen av 2000 nyttar 64 prosent av dei sysselsette i denne samlegruppa PC med oppkoppling til Internett. I hotell- og restaurantnæringa og detaljhandelen fanst den lågaste delen sysselsette med Internett. Ved utgangen av 2000 brukte høvesvis 21 og 26 prosent av dei sysselsette innan hotell- og restaurantnæringa og detaljhandelen PC med Internett-oppkopling.

4.3. Ekstern e-post

Føretak med tilgang til Internett eller planar om Internett-tilgang innan utgangen av 2001, vart spurd om høvet til å senda ekstern e-post via slik teknologi. I alt 74 prosent av føretaka hadde ved utgangen av 2000 tilgang til e-post via Internett. Det svara til mengda føretak med tilgang til Internett på same tidspunktet. Føretak med Internett-tilgang nyttar denne teknologien til å senda e-post.


4.4. Intranett

Med Intranett er det meint bruk av Internett internt i eit føretak (heimesider som berre er tilgjengelege innan føretaket). Vel 2 av 10 føretak med minst ti sysselsette hadde Intranett ved utgangen av 2000. Det var like mange som ved utgangen av 1999. Intranett var meir utbreidd mellom store føretak enn i dei små føretaka. Delen med denne teknologien var høgst innanfor bank- og finansnæringa og lågast i hotell- og restaurantnæringa.


Figur 4.8 syner ingen vekst i bruken av Intranett i næringslivet frå 1999 til 2000. Ved utgangen av 2000 hadde 23 prosent av føretaka Intranett. Det var like mange som i 1999. På slutten av 1999 forventa føretak ein vekst på 9 prosentpoeng i løpet av 2000, men planane var altså ikkje realistiske. Forventningane til føretaka tyder på vekst i 2001, men dette er ein usikker spådom.

Figur 4.9 syner som forventa at storleiken til føretaka tyder mykje for utbreiinga av Intranett. Mellom dei mindre føretaka med 10-19 sysselsette hadde 15 prosent Intranett ved utgangen av 2000 mot 53 blant føretak med minst 100 sysselsette. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette oppgav ikkje meir enn 5 prosent å ha tilgang til Intranett ved utgangen av 2000.

Figur 4.9. Delen av alle føretak med Intranett. Fordelt etter sysselsetjing. 2000. Prosent



Figur 4.10. Delen av alle føretak med Intranett. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent



Tabell 4.5 syner at denne skilnaden, i fylge planane til føretaka for 2001, vil auka. 8 prosent av føretaka med 10-19 sysselsette venta å innføra Intranett i 2001 mot 16 prosent blant føretak med minst 100 sysselsette. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette planla ikkje meir enn 2 prosent å ta i bruk Intranett i 2001.

Tabell 4.5. Delen av alle føretak med Intranett, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent

	1998	1999	2000	2000 ¹
Alle føretak med 10+ sysselsette	13	23	23	32
Mengd sysselsette				
1-9	2	4	5	7
10-19	8	15	15	23
20-49	14	26	26	35
50-99	20	36	34	45
100+	33	53	53	70

¹ Planar om Intranett i 2001.

Tabell 4.6. Delen av alle føretak med Intranett, fordelt etter næringsområde. 1998-2001. Prosent

	1998	1999	2000	2001 ¹
Alle føretak med 10+ sysselsette	13	23	23	32
Næringsområde				
Industri	13	26	19	28
Bygg og anlegg	5	13	15	23
Handel med motorkøyrety og drivstoff	17	34	28	40
Engroshandel	21	32	36	45
Detaljhandel	6	19	15	23
Hotell, restaurant og catering	4	8	10	15
Transport/tele	11	21	25	32
Bank/finans	25	57	64	77
Tenesteyting elles	24	35	33	45

¹ Planar om Intranett i 2001.


Bruken av Intranett varierte mykje mellom næringane. Mest utbreidd var dette innanfor bank- og finansnæringa, ei næring med mange store føretak.

Figur 4.10 syner at 64 prosent av føretaka i denne næringa hadde Intranett ved utgangen av 2000. Så fylgde engroshandelen, samlegruppa "tenesteyting elles" og handel med motorkøyrety og drivstoff med høvesvis 36, 33 og 28 prosent. Intranett var minst vanleg innan hotell- og restaurantnæringa. Berre 10 prosent av føretaka i den næringa hadde Intranett.


Tabell 4.6 syner at 13 prosent av føretaka i bank- og finansnæringa planla å ta i bruk Intranett i løpet av 2001. Den minste veksten var planlagt i næringa med därlegast utgangspunkt, hotell- og restaurantnæringa. Innan denne næringa planla berre 5 prosent av føretaka å ta i bruk Intranett i 2001.

Figur 4.11 syner at 31 prosent av føretaka i Oslo hadde Intranett ved utgangen av 2000. Så fylgde Akershus med 27 prosent. Intranett var uvanleg blant føretak i Finnmark. I dette fylket oppgav berre 12 prosent at dei hadde Intranett.

Figur 4.11. Delen av alle føretak med Intranett. Fordelt etter fylke. 10+ sysselsette. 2000. Prosent



Figur 4.12. Delen av alle føretak med Ekstranett. 10+ sysselsette. 1998-2001. Prosent



Tabell 4.7. Delen av alle føretak med Intranett, fordelt etter fylke. 1998-2001. Prosent

	1998	1999	2000	2001 ¹
Alle føretak med 10+ sysselsette	13	23	23	32
Østfold	11	20	24	34
Akershus	15	26	27	37
Oslo	19	31	31	41
Hedmark	9	17	17	25
Oppland	8	15	15	22
Buskerud	9	17	22	31
Vestfold	12	22	22	31
Telemark	13	25	20	28
Aust-Agder	13	27	21	31
Vest-Agder	10	18	22	31
Rogaland	14	25	23	31
Hordaland	12	22	20	29
Sogn og Fjordane	12	22	24	35
Møre og Romsdal	11	20	18	27
Sør-Trøndelag	12	22	18	26
Nord-Trøndelag	7	14	16	23
Nordland	10	21	22	32
Troms	14	28	22	30
Finnmark	9	18	12	18


¹ Planar om Intranett i 2001.

Tabell 4.7 syner at planane til føretaka i Finnmark var lite ekspansive. I følgje planane for 2001 ville seks prosent av føretaka i fylket innføra Intranett i løpet av dette året. Det tilsvarende talet for landsgjennomsnittet var 9 prosent.

4.5. Ekstranett

Med Ekstranett er det meint heimesider gjorde tilgjengelege for ei avgrensa gruppe utanfor føretaket. Tilgang kan til dømes opprettast gjennom å gje kundar eller leverandørar ein kode/passord. Ekstranett er mindre utbreidd enn Intranett. Figur 4.12 syner at 9 prosent av føretaka hadde denne teknologien ved ut-


Figur 4.13. Delen av alle føretak med Ekstranett ved utgangen av 2000. Fordelt etter sysselsetjing. Prosent




gangen av 2000. Det er ein auke på to prosentpoeng frå 7 prosent i 1999. I følgje planane for 2001 vil bruken av Ekstranett veksa med 8 prosentpoeng i løpet av dette året.

Skilnadene mellom større og mindre føretak i bruken av Ekstranett var stor. Figur 4.13 syner at 6 prosent av føretaka med 10-19 sysselsette hadde Ekstranett ved utgangen av 2000 mot 24 prosent av føretaka med minst 100 sysselsette. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette brukte ikkje meir enn 3 prosent Ekstranett ved utgangen av 2000.

Figur 4.14. Delen av alle føretak med Ekstranett. Fordelt etter næringsområde. 10+ sysselsette. 2000. Prosent



Figur 4.15. Delen av alle føretak med Ekstranett. Fordelt etter fylke. 10+ sysselsette. 2000. Prosent



Tabell 4.8 Delen av alle føretak med Ekstranett, fordelt etter mengd sysselsette. 1998-2001. Prosent

	1998	1999	2000	2001 ¹
Alle føretak med 10+ sysselsette	4	7	9	17
Mengd sysselsette				
1-9	1	2	3	4
10-19	3	5	6	11
20-49	4	7	11	19
50-99	5	11	13	24
100+	10	18	24	41

¹ Planar om Ekstranett i 2001.

Tabell 4.9. Delen av alle føretak med Ekstranett, fordelt etter næringsområde. 1998-2001. Prosent

	1998	1999	2000	2001 ¹
Alle føretak med 10+ sysselsette	4	7	9	17
Næring				
Industri	4	6	8	16
Bygg og anlegg	0	3	5	9
Handel med motorkøyrety og drivstoff	4	10	12	15
Engroshandel	6	11	17	31
Detaljhandel	3	5	5	8
Hotell, restaurant og catering	1	3	4	9
Transport/tele	3	6	7	14
Bank/finans	7	23	31	42
Tenesteyting elles	8	12	17	26

¹ Planar om Ekstranett i 2001.

I fylgje planane for 2001 vil skilnadene i bruken av Ekstranett mellom større og mindre føretak auka.

Tabell 4.8 syner at 5 prosent av føretaka med 10-19 sysselsette planla å ta i bruk Ekstranett i løpet av 2000 mot 17 prosent av føretaka med minst 100 sysselsette. I det mindre utvalet av dei minste føretaka med under

ti sysselsette planla ikkje meir enn 1 prosent å ta i bruk Ekstranett i 2000.

